Veddegg: I-1

2.8.2019

Statens vegvesen

JAN NESSE
ELSÅSVEGEN 111 A
5912 SEIM

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 19/127197-4 | | 31.07.2019 |

# Svar – Tilkomstveg – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 54 – Lygre indre – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om etablering av veg til fritidsbustad på Lygre Indre, gnr. 58 bnr. 54 i Lindås kommune. Vi viser og til vår uttale datert 19.06.2019.

Med bakgrunn i tilsendt dokumentasjon meiner vi det ikkje er naudsynt med avkøyrsleløyve for å etablere tilkomstveg til eigedomen. Fritidsbustaden var etablert før fylkesvegen vart framført på 1960-talet, og tiltakshavar opplyser om at eigedomen har nytta snuplassen ved fylkesvegen som parkeringsareal etter dette.

Vi minner om at eigar eller brukar av ei avkøyrsle har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsle til ei kvar tid er oppfylt, mellom anna kravet til frisikt jf. veglova § 43.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ